




## GRØNE RAMMER, GRØNE ROM

om å ta vare på stadane sine grøne kvalitetar  
og å skape dei gode møteplassane



Forfattar: Feste Grenland AS, landskapsarkitektar mnla v/Tone Telnes  
Ansvarleg utgjevar: Telemark Fylkeskommune v/Lene Hennum  
Illustrasjon og layout: GrafiskForm, [www.grafiskform.no](http://www.grafiskform.no)  
Trykk: Flisa Trykkeri

Takk til alle kontaktpersonar som har skaffa oss fotomateriale  
frå kommunane i Telemark.

## FORORD

Dette heftet er del av permsettet «Ideer og prinsipper for stedsutvikling i Telemark».

Utgangspunktet for alle stadar byrjar i landskap, terreng og vegetasjon. Vegar, hus og bygde strukturar er lagt i landskapet. Tek vi utgangspunkt i dei store, grøne rammene og arbeider oss ned til dei minste, grøne romma, kan vi betre ta vare på og dyrke fram stadane sine kvalitetar frå bygd til by i fylket vårt.

God lesing og lykke til vidare i arbeidet med stadutvikling og grøne kvalitetar i Telemark.



Gunn Marit Helgesen  
*fylkesordførar*



## INNHOLD

6	INNLEIING	19	2.2 GRØNE ROM – DEN GODE MØTEPLASSEN	46	Leik – Aktivitet
6	1 GRØNSTRUKTUR – VERDI OG SÅRBARHET	20	Løysingsprinsipp	48	Skulptur – Utsmykking
6	Kvifor grønstruktur?	22	Torget – Plassen	50	Stemning – Atmosfære
7	2 GRØNSTRUKTUR OG IDENTITET – STADTILPASSING	28	Gata	52	TO PROSJEKT OM LIVET I LANDSKAPET OG STADIDENTITET
9	2.1 GRØNE RAMMER	32	Parken	53	Sogelandet – øvre Telemark
10	Bygd	34	Møteplassen	54	Stedsans – Porsgrunn
12	Tettstad	36	Gangvegen – Turvegen – Stien		
14	Mellomland	40	Grøntdraget		
16	By	42	Vassfronten		
		44	Badeplassen – Fiskeplassen		

## INNLEIING

I Stortingsmelding nr. 23 (2001–2002); «Bedre miljø i byer og tettsteder», set Miljøverndepartementet fokus på berekrafting by- og tettstadutvikling med utgangspunkt i fysiske omgjevnadar. Dei fysiske strukturane i byar og tettstadar er utbyggingsmønsteret, senterstrukturen, transportstrukturen og grønstrukturen. Det må arbeidast med å få til betre heilskap og harmoni mellom desse strukturane, samstundes som ein arbeider med å styrke stadane sin identitet. Det vert understreka at ei meir berekrafting by- og tettstadutvikling må sikrast gjennom langsigtige utbyggingsstrategiar og samordna areal- og transportplanlegging.

## 1 VERDIEN AV GRØNSTRUKTUR

### DEFINISJON AV GRØNSTRUKTUR

Grønstruktur er veven av store og små grøne område i byar og tettstadar og natur- og kulturlandskapa som dannar ramme omkring stadane. Bekkar, elvar, vatn og sjøområde er ein viktig del av denne strukturen.

### KVIFOR GRØNSTRUKTUR?

Dei fleste byar og tettstadar i Noreg er unike frå naturen si side, der dei ligg ved sjø, elv eller fjord, vendt mot vatnet og med åsar og fjell som rygg og ramme rundt busetnaden. Landskapet omkring og i byar og tettstadar er viktig som formande og identitetsskapande rammer. Natur i byar og tettstadar er viktig for å ta vare på plante- og dyrelivet. Noko av det

rikaste biologiske mangfaldet i Noreg finn vi nettopp i og ved byane.

Naturen i og rundt byar og tettstadar er heilt sentral for folks nære friluftsliv. Grøne strukturar med gang-, sykkel- og turvegar er viktig for trivsel og helse gjennom at det gjev rom for leik, rekreasjon, mosjon, friluftsliv, oppleveling og sosialt samvær til alle årstider. Mykje tyder på at kontakt med natur verkar inn på hormon og immunforsvar og gjer sjuke folk raskare friske. Vakre omgjevnadar gjev gode rammer og auka livskvalitet. På lik line med vegar og bygningsmiljø kan grønstruktur sjåast som ein overordna struktur i planlegging av stadar og byar. Det bør vera eit mål å arbeide med grøn-

struktur som eit overordna og styrande element i all fysisk planlegging. Grønstrukturen har ein viktig fleirfunksjonsroll i plansamanheng, med verdiar og funksjonar som by- og stadformande element, som biologisk faktor, ramme om leik og rekreasjon, ramme om mjuk transport, viktig for infiltrasjon, reinsing og handtering av overflate- og avløpsvatn og for å betre lokalklima og luftkvalitet.

## 2 GRØNSTRUKTUR OG IDENTITET – STADTILPASSING

Grønstrukturen gjev ein stad karakter og inneheld viktige grøne «årer» som knyter staden til omlandet. Langs turvegar og vassdrag kan ein ta seg frå sentrum til bustadområde og vidare ut i det store omkringliggjande landskapet eller ned til vassfronten. Parkar og grøne lundar er viktige pustehol i tettbygde område. Grøne areal og treplantingar kan binde saman og ramme inn hus og gater, vegar og parkeringsplassar, industriområde og kjøpesenter. Den grøne strukturen kan vera både samanbindande og avgrensande. Ved å nytte ut naturlege grøne rammer og byggje vidare på eksisterande vegetasjonsstrukturar og terrengr, kan ein styrke stadars sin identitet og skape gode møteplassar for folk.

Det er viktig at dei ulike stadane tek utgangspunkt i eigne særtrekk både i høve til landskap- og terrengrtilpassing og bruk av vegetasjon. På same måte som det lenge har vore fokus på stadtilpassa byggjeskikk, er det viktig at dei grøne områda også er tilpassa staden i karakter og uttrykk. Dette er viktig både for sær preg, identitet og biologisk mangfald. Bruk av stadeigne planter (provinis) gjev betre kvalitet og tilslag på plantingane. Fleirsjikting av vegetasjonen gjev betre leveområde for dyr og insekt.

Det er ikkje så vanskeleg å ta vare på ein stad sin grøne karakter. Det skal bare til litt omtanke, litt lengre sikt på planlegginga, litt større fokus på samanhengar, litt

tilrettelegging og skjøtsel. All vegetasjon treng ikkje å fjernast for at eit område kan byggjast ut. Ved god terrengrtilpassing av vegar, byggjefelt og fortetting i sentrum, kan mange store tre, lundar og kratt stå att, og bergknausar, grøne kollar og bekkedrag kan takast vare på som viktige og karaktergjevande element. Det kan setjast att overgangssoner mellom vegar og parkeringsplassar og industriområde. For å unngå audslelse asfaltflater og preglause kjøpesenterområde, kan det plantast trerekker langs vegar, gangvegar og i overgangssoner.



## 2.1 GRØNE RAMMER

I det fylgjande har vi teke for oss fire ulike områdetyper; bygd, tettstad, mellomland og by for å sjå på korleis tradisjon og haldning til utbygging i dei ulike områda er og korleis omsyn til grøne rammer vert teke vare på.

For kvar av områdetypene har vi lista opp kvalitetar, problemstillingar og hovudutfordringar.



Utløper på Flatdalsøyane med Skorve i bakgrunnen

## BYGD

Grønstruktur er eit omgrep som er mest nytta i byar og større tettstadar. Bygdene har, naturleg nok, ikkje i like stor grad fokus på dette. Der har vi nok tilgang på areal og grøne omgjevnadar, ....trur vi.

I område med spreidd busetnad og mykje jordbruk kan det vera motsetnadar mellom allmenn ferdslle og grunneigar-interesser. Tilrettelegging av turvegar og stiar er det ofte därleg med i folk sitt nærmiljø. Turgåing er i større grad knytt til kjende utfartsstader mot fjell og strand.

Det er viktig å vera klar over smertegrensa i høve til utbygging dersom ein ynskjer å ta vare på livskraftig landbruk og kvalitetar

i kulturlandskapet. Nytt utbyggingsmønster bør tilpassast byggjetradisjon og landskap på staden. Dei grøne åsane og silhuettane er viktige karaktergjevande rammer.

Eit problem i høve til grønstruktur kan vera kommunane si tradisjonelle løysing av veg, vatn og kloakk. Det kan ofte føre til utbyggingar i felt som legg beslag på store område. Det typiske byggjefeltet innfriar ofte heller ikkje folk sine ynskje og draumar om å bu på bygda.

Rammene om bygdene i Telemark er grøne. Naturen kjem heilt innpå oss i dei små bygdesentra. Jordbrukslandskapet omkring gror att og vegetasjonen slørar til viktige

landskapstrekk og skyggar for utsynet. Derfor ser ein ofte ikkje nokon grunn til å plante inn trerekker eller ta vare på eksisterande tregrupper og enkeltståande tre langs vegar, ved butikken og omkring parkeringsplassar. Butikk og bensinstasjon ligg langs vegen og all ferdslle er også knytt hit. Landevegen, som har vore, og også mange stader framleis er, livsnerva i små bygdesamfunn, er ikkje lenger så «sjamerande» som han eingong var. Det har vorte naudsynt med tiltak for å sikre gåande og syklande.

Etterkvart har vi fått gang- og sykkelvegar langs mange strekningar knytt til sentrumsdanningar eller skule, men dette er

som oftast berre ei vidareføring av «asfaltutforminga» med standardisert grøfteprofil og blekkskinne som avgrensning. Dette gjev svært lite oppleving av kvalitet til møteplassar og sentrumsdanningar. Trafikkområde og utbyggingsareal vert for einsidig vurdert ut frå omsyn til kor framkomeleg det er med bil og omsyn til snøbrøyting. Dette går utover omsyn til vakre omgjevnadar. Det manglar ofte merksemd og kunnskap om kva det er som skaper gode sentrum og korleis ein gjennom planlegging kan få det til. Dette kan føre til mangel på gode grøne rom og samanhengar i bygda sine møteplassar eller i bygdesenteret.



Flatdal, markert møte mellom flate og veggar i dalrommet



#### KVALITETAR


- + God plass.
- + Sær preg i landskap og bygningsmasse.
- + Mange lever av jord- og skogbruk.
- + Der det framleis er husdyrdrift held beitedyr landskapet opent.
- + Grøne veggarsåsar, lier, bekdedrag, opne flater/jorde.
- + Grøne element som allèar, frittståande tre og naturleg vegetasjon i bryn og randsoner.

#### PROBLEMSTILLINGAR

- «Grønt har vi nok av»; - men lite tilrettelagt.
- Utbygging avhengig av ulike grunneigarinteresser; liten vilje til å styre utbyggingsmønster i sårbare kulturlandskap.
- Lite haldning til arkitektur og grøne rammer; katalogløysingar som ikkje høyrer heime.
- Attgroing og nedlegging av jordbruksdrift gjer bygdelandskapet fattigare.
- Flatehogst og utbygging som bryt silhuettar og åskammar.

#### HOVUDUTFORDRINGER

- Korleis byggje ut og likevel ta vare på det opne landskapet med dei grøne flatene og veggane?
- Få til eit tilpassa utbyggingsmønster.
- Sikre grøne rammer.
- Ta vare på kulturlandskap, randsoner viktige.
- Nye «tun»/husgrupper i opent landskap.
- Spela på stadeigne kvalitetar i formspråk, vegetasjons- og materialbruk.
- Få til nye, gode møtestadar der dei gamle har blitt borte (t.d. mjølkerampa).
- Tenke innhald og fleir bruk.
- Plan for og organisering av skjøtsel av kulturlandskap.
- Få til planmessig samordning av økonomiske og andre verkemiddel knytt til tilskotsordningar i landbruket og friluftslivet, stat og kommune.



## TETTSTAD

Tettstaden sitt hovudproblem er at han oftast ikkje er tett nok. Han breier seg fort utover naturlege rammer og skaper lange avstandar i sentrum. Det er nok av plass å vekse på og ynskjer nokon å etablere seg med ei verksemد knytt til tettstaden, vert dette sjølv sagt sett på som positivt. Dessverre vert det altfor sjeldan stilt krav til kvar og korleis denne etableringa skal skje. Om det er ute langs omkjøringsvegen eller på eit jorde like utanfor sentrum, har ein ikkje sterke nok motførestillingar til.

Folk kører likevel bil dit dei skal. Tettstaden har liten tradisjon for å tenke heilskap. Dei gamle strukturane som ligg att (eldre sentrumsbygg, tun, bekdedrag, strandsoner, inneklemte jordbruksareal) vert ikkje tekne med i planlegginga som kvalitetar. Dei vert til slutt liggjande i vegon for nye etableringar og nye krav til plass og manøvrering. Det vert lite samanheng mellom nytt og gammalt og svært ofte ser vi tettstadar med eit nytt og eit gammalt sentrum som ikkje forheld seg til kvarandre.

Dette fører til mangel på identitet i nye sentrumsdelar og ofte er der mangel på grøne rom med kvalitetar.

Bilar, parkering og vegføring dominar utforming og planlegging av tettstaden.



Seljord sentrum med gammal og ny sentrumsdanning og omkjøringsveg langs vassfronten



#### □ KVALITETAR

- + Ofte ein eldre sentrumsdel som har kvalitetar i plassering, landskapstilpassing, materialbruk, vegetasjonsvolum, bygningsmasse, plassar, gaterom og kontakt mot gamle hagar og dyrkbare område.
- + Der finst ofte «bakevjer» med kvalitetar som kan utviklast og lyftast fram; som t.d. bekdedalar, vassfront, gamle beite og gamle hagar.

#### □ PROBLEMSTILLINGAR

- Ikkje tett nok; breier seg fort utover naturlege rammer. Dette gjev lange avstandar i sentrum og utflytande grense mot omlandet.
- Liten tradisjon for å tenkje heilskap.
- Mangel på identitet i nye delar.
- Mangel på grøne rom og gode møteplassar.
- Lite haldningar til grøne rammer.
- Bilar og veg dominerer. Omkjøringsvegar kan koma inn og bryte kontakt mot vassfront og omland.
- Dårleg skilje mellom fotgjengar- og oppholdsareal og trafikkareal.
- Fleire vel å bu i tettstaden. Det stiller krav til tilrettelegging for kvardagslivet i sentrum.

#### □ HOVUDUTFORDRINGAR

- Styrke avgrensing og rammer om staden;
  - ta vare på overordna landskapsdrag, terrenghformer og sihuettar, siktlinjer og landemerke
  - ta vare på grøne (og blå) strukturar (alle pustehola!)
  - ta vare på dyrka mark.
- Skape gode møteplassar og romdanninger i sentrum;
  - byggje nye «grøne rom» (parkar, plassar, gaterom),
  - ta vare på naturlege grøne strukturar,
  - gjera trafikkareala grønare,
  - gje rom for innhald og fleir bruk,
  - opne bekkar att.



Audslege asfaltflater  
på Tuven, Notodden

## MELLOMLANDET

Det såkalla mellomlandet er overgangssonene utanfor og mellom byar og tettstadar. Dette er område der utbygginga har fått styre seg sjølv. I den grad det er styrt, er det ofte prefabrikerte kassebygg, vegar og parkering som har vore dominande for utforminga. Her er det ingen klar definisjon av eit område; kaos og restareal pregar mellomlandet. Områda manglar identitet og er heilt basert på at folk tek seg fram med bil.

Tidlegare industriområde og næringsareal har gått over til å gje rom for store varehus og kjøpesenter. På den måten har dette blitt viktige møteplassar for folk. Vi ser ofte at det vert lagt mykje omtanke ned i å gje ei oppleving av «småby-gatepreg» inne i desse kjøpesentra. Burde det ikkje også visast litt omtanke for dei verkelege uteområda?

Både offentlege og lokale aktørar har eit viktig ansvar i høve til å påverke korleis mellomlandet står fram. Ved medveten bruk av rammeplantingar, trevolum og trerekker omkring parkeringsplassar og langs vegar, ville ein kunne omforme dette triste landskapet til å bli viktige grøne strukturar som kunne markere overgang mellom bygde strukturar og landskapet omkring.

Dersom ein skal blande bustad- og næringsområde i mellomlandet, krev det markerte og overordna grøne rammer og samanhangande grøne korridorar ut i «marka».



Mellomland og overgangssoner  
mellan Skien og Porsgrunn



Viktige vegetasjonsvolum  
mellan veg og bustadområde  
på Vestsida, Skien

#### KVALITETAR

- + Plass nok til å vare på eller få innpassa overordna vegetasjonsstrukturar.
- + Samling av trafikkskapande verksemd.

#### PROBLEMSTILLINGAR

- Ingen klar definisjon av eit område; kaos og restareal.
- Vegar og p-plassar dominerer og styrer utbygginga.
- Mangel på identitet.
- Mangel på føringar i høve til byggjeskikk og heilskapleg utforming.

#### HOVUDUTFORDRINGAR

- Ta vare på og styrke overordna landskapstrekk og vegetasjon.
- Skape rammer og identitet knytt mot landskapsdrag som bekkeløp, terregngformer, vegetasjonsstruktur m.m.
- Ta vare på eksisterande vegetasjon.
- Plante inn trrekker og volum for å ramme inn og dele opp område.
- Få inn vass-speglar, opne gamle bekkeløp.
- Stille krav i høve til innpassing av ny bygningsmasse, ombygging, tilbygg.
- Tiltetting i grå areal framfor å ta i bruk nye areal.
- Jordvern.
- Utarbeide overordna rammeplanar for korleis mellomlandet kan vidareutviklast både i høve til å gje eit vekstpotensiale og å styrke grønstrukturen.



Opning av Porsgrunn  
Internasjonale teaterfestival  
(PIT) under bytrea på  
Rådhusplassen 2005

1. Skien sentrum med tett  
bystruktur sett frå lufta

2. Skien sentrum med overgang  
til jordbrukslandskapet omkring

## BY

Byen har som utgangspunkt ein tett og tydeleg struktur. Ein kan ofte lesa byen sin struktur ut frå eit overordna mønster som er gjeve av overordna landskapsrammer som åsar, fjellsider, vassfront, elv og av bygde strukturar som bygde kvartal og stramme gatenett. Byen har lange tradisjonar for å byggje tette bykjernar og utnytte areala betre enn t.d. tettstaden.

Dette gjev kvalitetar i høve til gater, ute-rom og plassdanningar, men samstundes legg det press på grøne område; både i høve til fortetting inne i byen og nedbygging av grøne åsar og rammer omkring. Mange bysentrum strevar med konkurran- sen frå kjøpesenter og varehus i mellom-

landet. Frå handelsstand vert mangel på parkering lett fokusert som det viktigaste byplanleggingsspørsmålet. Veganlegg og parkering holar ut kvalitetane i den tette byen. I kampen om areala har ofte grøne korridorar, parkar og friareal, enkeltståande bytre, strandsoner og elvebreidder vorte lagt under asfalt til fordel for bilen.

Byane har tradisjon for byparkar og estetisk gateutforming, men stram økonomi fører til manglende vedlikehald av grøne parkar og uterom. Dette har sett mange byar tilbake i høve til kvalitet på uteromma i sentrum. Både i høve til ureiningsproblematikk, omsyn til det estetiske og trivsel for byens

innbyggjarar, er det viktig å ha ein strategi for korleis ein skal greie å ta vare på byens grøne rammer og rom.

Tre er eit berande landskaps- og miljø- element i byar. Dei mjukar opp byens silhuettar og gjev liv og karakter til byromma, gjennom alle årstider. Dei gjev ein tidsdimensjon, reinsar lufta, er temperatur-regulerande, gjev skygge og tek opp overflatevatn.



#### □ KVALITETAR

- + Tradisjon for å byggje tett.
- + Tradisjon for byparkar, plassar, torg, gater og bakgårdar som romdanningar mellom husa.

#### □ PROBLEMSTILLINGAR

- Press på grøne område; både i høve til fortetting inne i byen og grøne åsar og jordbrukslandskap omkring.
- Vegar og parkering holar ut den tette, urbane byen.
- Manglande vedlikehald av grøne parkar og uterom.
- Manglande leikeareal i etablerte bustadområde.
- Stadig fleire flyttar inn i bykjernen. Dette krev meir tilrettelegging for livet mellom bygningane.
- Manglande samanhangar i grønstrukturen (mange «missing links»).

#### □ HOVUDUTFORDRINGER

- Styrke avgrensing og rammer om staden;
  - ta vare på overordna landskapsdrag,
  - ta vare på, vidareutvikle og etablere grøne og blå korridorar frå vatn til bakanforliggjande landskap,
  - ta vare på grøne rammer,
  - plante trevolum.
- Skape gode møteplassar og romdanningar i sentrum;
  - byggje nye grøne rom som også binder dei grøne områda saman (parkar, plassar, vassfrontar),
  - ta vare på og tilbakeføre naturlege grøne strukturar,
  - tenke grøne verdiar ved fortetting og omdanning,
  - ta vare på eksisterande og plante inn nye bytre,
  - ta vare på klar bystruktur; gater, kvartalstruktur,
  - utvikle sær preg og gje rom for rekreasjon, opplevelingar og ulike aktivitetar og kulturarrangement,
  - tiltetting på grå areal framfor grøne areal.



## 2.2 GRØNE ROM – DEN GODE MØTEPLASSEN

Å skape gode møteplassar handlar ofte om å skape gode rom. Grøne rom er viktige som del av grønstrukturen. I eit bygdesentrum, i tettstadkjerna, ved kjøpesenter i mellomlandet eller i bystrukturen, er møteplassen viktig for at folk skal trivast og for det sosiale livet på staden.

I omgrepet byggjeskikk i stadforminga må også uteromma takast med. Det er ikke likegyldig korleis ein møteplass, hage, park eller plass vert utforma, kva materialar ein brukar eller korleis tre og vegetasjon vert bruka som rammer. Ein stad sine uterom bør saman med bygningar formidle identitet og sær preg for staden. Kvalitetar i landskap, terrenget og gamle bygde strukturar, må ligge i botnen for vidare utvikling og formgjeving; om ein bryt medvite med dette eller tilpassar nytt til gamalt.



Gode byrom skal gje rom for sosialt og kulturelt liv på staden

## I LØYSINGSPRINSIPP

For å lage rom treng ein nokre grunnelement; veggar, golv og forbindelsesliner inn og ut, både fysisk og visuelt. Kva ein så plasserar inn i rommet kan gje det innhald, oppleving og legge til rette for funksjonar med element som møblar, ljós, kunst, leik, blomstring, vatn m.m.

Utforming av rom i tettstadar og byar kan vera som å skape scenografi for sosialt og kulturelt liv eller fysisk aktivitet.

Å skape rom er viktig for å gje gode rammer om skiftande aktivitetar. Ikkje alle rom skal fyllast med planlagte element og fastmon-

tert møblering. Gode rom kan i seg sjølv ofte vera den viktigaste kvaliteten å tilføre staden.

ROM ➔



VEGGAR ➔



GOLV ➔



LINER ➔



INNHOLD ➔



(Foto: Lehman)



Torget skal kunne brukast fleksibelt og bør kunne romme mykje folk og ulike aktivitetar

Avgrensing kan utformast som sittekantar og samtidig gje grøne rammer om torgplassen

## TORGET – PLASSEN

Torget er hjarta i byen eller på staden. Det er storstoga som skal gje rom for torghandel, marknad, folkefest, konsertar, juletre eller kunstuttrykk av ulikt slag. Ein definert plass som gjev oppleving av at ein her er i sentrum av staden. Romdanninga er viktig; dimensjonar og proporsjonar

mellan golvflata og veggene. Plassen vert forma av golvet og av veggene og vert prega av materialbruk, fargebruk, plantingar, møblering, ganglinjer og utsyn. Stadtilpassing er viktig; korleis tek utforminga utgangspunkt i tenkt bruk og staden sin eigenart og kvalitetane som

finst der. Utforminga må ta utgangspunkt i form og funksjon på plassen. Golvet må tote køyring og hard beslastning dersom ein ynskjer fleksibel bruk og mykje aktivitet lagt til torget. Torget bør fyrst og fremst utformast som ei god romdanning; møbleringa bør vera sparsom i høve til at

ein ikkje bør låse bruken av rommet. Ljossettinga bør gjerast utfrå oppleving av romdanning og kanskje gje plassen eit anna uttrykk om kvelden/natta.



Trapper gjev samanbinding og er fine å sitje i. Oppleving av store trekroner og utsyn over vassflata er viktige kvalitetar  
(skisse frå Water City 2004)



Ein liten plass mellom husa gjev fine rammer for opphold i Kragerø



Ein grøn, skålforma grasbakke ned mot vatnet er Morgedal sitt svar på felles samlingsplass og storstoge



Romdanning er viktig for å definere torget. Her på torget i Langesund rammar bygningane torget vakkert inn. Trea som tidlegare stod rundt vassposten kan innpassast att (gmtf.foto)



Torget er ein klart definert plass som gjev oppleving av å vera i sentrum av staden; ein stad der soli vert fanga inn, som her på Rjukan Torg (Foto: Amel Mahi-Andersen)



På torget skal ein få varierte opplevingar og impulsar. Landskapsarkitektstudentane sitt appelsinstunt på Rådhusplassen i Skien iscenesatte plassen på ein flott måte våren 2004



Gras, klipte flater eller blomstrande kantar



Grasmerking, gras sådd i grus



Grusplassar er eit klassisk trekk i europeisk byforming



Plass-støpt betong eller store betongelement gjev  
rolege golvflater



Asfaltflater kan også friskast opp



Naturstein, bogesett gatestein – gjev flater som bare blir  
vakrare med åra

## Golvet

Golvet må utformast etter kva funksjonar plassen skal ha. Dersom det skal køyrast her er det viktig at flata får ei opparbeiding som toler det. Men det er også viktig å tenke på karakteren til plassen og den staden ein er. Eit stortorg omramma av bybygningiar treng ei anna handsaming enn ein samlingsplass i bygdelandskapet. Golvet er svært viktig for uttrykket og opplevinga av plassen. Enkle uttrykk er ofte best i lengda.



Natursteinsbelegg, bygdekarakter: Store granittplater er lagt utover i eit mosaikkmonster og fylt imellom med liten mosaikkstein. Leggemönsteret er friare




Natursteinsbelegg, bykarakter: Store rektangulære granittplater lagt i eit rettvinkla leggemønster



Bruk av teglstein som golv




Belegg av granitt.  
Visflate irregulær form- poligonstein.  
Størrelse tilsv. 14x20 cm.  
Tykkelse 14 cm.




## BRUK AV NATURSTEIN SOM GOLV

Om eit golv av naturstein vert lagt rettig, er dette eit svært halbart golv som bare vert vakkre med åra. Det er dyrt å legge, men ein kan spare mykje i vedlikehaldskostnadene. Ein kan velje ulike typer belegg etter staden og det uttrykket ein ynskjer å framheve. Skissene viser natursteinsbelegg med ulik karakter utfrå at det eine er innpassa i eit bygdesentrum og det andre i eit bysentrum.




Plantehol for tre ramma inn av fire rekker smågatestein i ei kvadratisk ramme




#### OMRAMMING AV ELEMENT SOM SKAL INNPASSAST I PLASSGOLVET

Gode overgangar og kantar er viktig for å innpasse ulike element på ein best mogeleg måte i plassgolvet. Det er viktig å lage løysingar som utnyttar dei eigenskapane materialet har. Smågatestein er godt eigna til å ta opp overgangar mellom ulike flater.

Innleiring av gresslage



Omramming av lysstolpe med smågatestein



Omramming av kumlokk med ei rekke smågatestein



Bevare gamle gateløp smale og med hagegjerde,  
store tre og grusdekke



Tilpassing med gatestein inn mot gamle  
bygninger med trapper og hagar

## GATA

Gata gjennom staden er først og fremst ei samanbindande åre. Ho skal leie køyrande, gåande og syklande gjennom sentrum. Men ho skal også gje rom for stopp og opphold. Gatene har ulik utforming etter kvar dei høyrer heime i gatenettet; hovudgata er som oftast meir påkosta enn sidegatene t.d. Bygningane langs gata er viktige for å skape veggar i gaterommet og verksmed i bygningane er viktig for å gje liv

og innhald til gata. Det er ikkje spennande å bevege seg gjennom ei gate der alle butikkglass er blenda av eller der ingen aktivitet vender seg mot gaterommet. Kantar og lineføring er viktig for å definere gata som line gjennom staden. Materialbruk i fortau og kantar bør tilpasses seg uttrykk og arkitektur på staden. Trerekker er viktige for å gje gata gode veggar saman med bygningane. Gjerde

eller hekkar mot hagar og bakrom kan også vera med på å gje gode veggar og kantar. Gata bør underordne seg staden, ikkje omvendt. Bredde, svingradius og kryssutforming må ta omsyn til bygningane og staden sin karakter. Dette har også positiv effekt for demping av farten og er på den måten trafikksikring. Parkering bør ikkje leggjast som store plassar framfor butikkane, det svekkar gata som viktig

visuell line og romdanning. Så langt det er råd bør parkeringsplassar leggjast inn i bakgårdar og på plassar på baksida av gatehusa. Parkeringshus og parkering under bakken vert også meir vanleg etterkvart. Ljossetting må tilpassast gata si lineføring og krav til gateljos. Møblering som benkar, søppelkasser og sykkelstativ bør innpassast, men ikkje overdrivast.



Trerekker er viktige for å gje gata gode veggar saman med husfasadane



Gater kan også vera viktige siktlinjer og overordna aksar i bystrukturen. Desse må ikkje byggjast att!



Hovudvegen må tilpasse og underordne seg kvalitetar på staden. Her i form av bjørkeband og hagegjerde




Husa forheld seg til gata på stort sett same måte og gjev eit heilskapleg preg. Tre og ljosstolpar forsterkar det lineære gaterommet



Tre, ljosstolpar og fortau gjer at ikkje gaterommet flyt frå vegg til vegg i funkisgata på Ulefoss



Gje rom for sitteplassar og grøne lunger knytt mot gata



Snitt




Plan



Trerekker og klipt hekk som lineære  
og avgrensande element

## Bruk av vegetasjon

Trerekker og hekkar er viktige grøne veggar i gata. Det er viktig at trea vert stamma opp for ikke å hindre sikt i trafikken.  
Hagegjerde og natursteinmurar kan også vera med på å gje gode avgrensingar mellom gate og private areal.



Døme på bruk av terrenghformer, natursteinsmurar  
og treplantingar mellom gate og torgareal



Blomstring i Brekkeparken, Skien

## PARKEN

Parken skal vera det grøne rommet. Han skal gje rom for avslapping og opphold, leik og aktivitet, turgåing, ulike kunstuttrykk, konsertar og arrangement m.m. Parken bør ha årtidsvariasjonar, gje varierte sanseinntrykk og romopplevingar. Møteplassar, siktliner, bevegelseslinjer, aktive og rolege soner er viktige for korleis parken vert brukt og opplevd. Blomstring, terrengformer, utsmykking, møblering, bruk av rammeplantingar og vatn kan vera gode verkemiddel.



Dalen hotell



Admeniparken, Rjukan



Brekkeparken, Skien



Park og badeplass, Treungen



Eplehage, Seljord



Sjukehusparken, Sykehuset Telemark, Skien



Bryggeparken, Fyresdal



Evjudalen, Bø



Kyrkjeparken, Hjartdal



Mjølkerampa

## I MØTEPLASSEN

Den uformelle møteplassen der folk fer-  
dast og naturleg møtest, er viktig for ein  
stad. Den gode møteplassen treng ikkje  
alltid vera så påkosta eller prangande. Men  
det bør leggjast litt omtanke i plassering  
av ein benk, utforming av ei trapp, plasse-

ringa av boder på torget, innpassing av  
kunst eller leikeapparat eller element som  
gjev rom for at ein kan sitje ned eller lene  
seg mot. Når ein arbeider med planlegging  
og utforming av staden sine uterom, er det  
viktig å leggje merke til kvar dei naturlege

møteplassane er, før ein byrjar med inn-  
passing av sitteplassar og plassering av  
gangliner.

På bygda kan møteplassen vera vegkrysset  
med mjølkerampa, dansesletta, ved nær-

butikken eller bensinstasjonen. I tettsta-  
den på hjørnet, ved kulturhuset, butikken,  
gatekjøkkenet. I mellomlandet kan kjøpe-  
senteret vera ein viktig møtestad. I byen er  
det mange stader i gata, i parken, på torg  
og plassar, ved kiosken, kinoen osb.



Gatekjøkken, Bøgata



«Stripa», Lunde



Utsikt og møteplass i Vaterlandsgate, Langesund



Torghandel



Fortausplass, Seljord




Benken i Mørkedal



Postkassa



Den nye mjølkerampa, uformell møteplass



## GANGVEGEN – TURVEGEN – STIEN

Det skal vera fint å bevege seg som gåande langs gangvegen-turvegen-stien. Ein skal bevege seg langs ulike kantar, gjennom ulike rom, ha ulike utsyn og variert terrengr. Ganglinja bør tilpassa seg variasjonar i terrengr og landskap mest mogeleg. Ein gangveg som er plassert

mekanisk langs ein trafikkert veg, er ikkje spennande å gå langs. Dekket kan variere etter kva område vegen går gjennom og korleis terrenget er der ein skal innpassa vegen. Trebrygger, steinbruar og -trapper, grus, gras, steinheller eller asfalt. Der vegen skal brøyta bør bredder vera

mellan 2,5 og 3m. På vegar som skal ha meir preg av sti, kan ein så til grusflata med gras. Vegen vert fin om han tilpassar seg bergknausar og eksisterande vegetasjon; vert svinga rundt store tre og trinn lagt opp for å koma over bergknausar.

Trerekker bør plantast inn mellom gangveg og køyreveg.

Universell utforming er eit viktig prinsipp å tilrettelege utfrå, slik at alle brukargrupper får glede og nytte av eit differensiert og tilpassa turvegnett.



Turveg, Dalen Vassfront



Hellelagt sti, Norsk Skieventyr, Morgedal



Tursti, Evjudalen, Bø



Steinbru, Kyrkjebygda, Hjartdal



Gangveg, Borgestadalleen, Skien



Turveg langs Måna, Rjukan




Gangveg/trebrygge over våtmark





Klipt sti i graset



Grusgang i Brekkeparken




Enkelt smidd rekkverk kan nyttast som gjerde og handlist der murar vert høgare enn 90 cm



Trapp av natursteinsheller


Natursteinsforsterking for turveg

Natursteinsmur, fall 10%.  
Drenerende masser bak og under



## Bruk av naturstein for å tilpasse turvegar til terrenget

For å tilpasse turvegar og sitteplassar til terrenget er det ofte formålsteneleg å bruke steinkantar og natursteinsmurar.



## Bruk av bolverk i tre for å tilpasse turvegar til skrått eller vått terreng

Ved å innpasse turvegar/stiar ved hjelp av natusteinsmurar eller treverk, kan ein ta vare på eksisterande vegetasjon heilt inn til turvegen.



Prinsippskisse for definisjon og virkning av grøntdraget  
(skisse Steen Høyre, DK)

## GRØNTDRAGET

Grøntdraga er viktige livsnerver som binder staden til landskapet omkring. Desse korridorane er viktige for både folk og dyr, for den visuelle og fysiske landskapsopplevinga, for samanbindane liner og for

naturmiljøet. Vegetasjonsbelte og bekkedrag, åkerholmar, lundar, allear og trerekker, våtmark og jordbrukslandskap er viktige å ivareta som ramme om turgåing, leik, oppdeling og avgrensing av bygde

areal, parkeringsplassar og næringsområde, klimatiske leveggjar og inndeling i jordbrukslandskapet, som viltkorridorar og visuelle rammer om busettnad i landskapsromma.



Bekkedal, Gjerpensdalen, Skien



Lundedalen, grønt drag gjennom Skien, frå vassfront til kulturlandskap



Våtmark, jordbruk og alle, Borgestad, Skien



Bjørkehage, Sauland



Rabattar med furubelte som deler opp og rammar inn parkeringsplass



Åkerholme, Bondal



Bustadar i kalkfuruskog, Langesund



Grøne elvebreidder langs Tokkeåi, Dalen



Morild, lyssetting av fløtningselement (Røtterane) langs Bakkestranda, Skien (Foto: Jørn Steen/Skien kommune)

## VASSFRONTEN

Korleis staden/byen møter vatnet kan tilføre viktige kvalitetar til sentrumsdanningar og byrom. Det er viktig å ta vare på ulike møte; parkdrag, våtmark, strendar, fjøre, brygger, kaiar, torg og trapper. Mange

stader har sentrum snudd ryggen til vatnet ettersom bilen har overteke som hovudtransportmiddel. Men i stadig større grad vert stadane meir medvetne om det potensialet som ligg i vassfronten og sokjer

å utnytte dette i opprusting og stadutvikling. Å ta vare på vassvegen også som transportåre er viktig; både for lokale båtforeningar, reiseliv, næring og industri.



Bakkestranda, Skien



Ventebrygge, Telemarkskanalen, Hogga



Bergknausar, Skotfoss



Opparbeidd kaifront, København



Folkepiren, Bryggeparken i Skien  
(frå vinnarutkastet i Water City)




Jens Lauersøns plass, Kragerø




Fjøre og strand



Forming av molo og utfylling



Fiskebu, enkelt leskur/overbygg



Fiskeplass for handicappe, enkel avgrensning med kant av stein eller tre mot vatnet



## BADEPLASSEN – FISKEPLASSEN

Det er viktig å ta vare på og legge til rette for bading og fisking knyttet mot sentrumsdanninger og i nærområda der folk bur. Det er ofte ungjar og ungdom som har stor glede og nytte av det, og andre som gjeng eller sykler dit dei skal.



Fiskeplass og møteplass på moloen, Langesund



Strandleik



Fiskeplassar i strandsoner langs Tokkeåi, Dalen



Badedam, Flatdal



Ungdom har teke i bruk vassfronten som bade- og møteplass, Notodden



St. Hans-feiring på Sigurdsrud brygge



Sandstrand med trebrygge, Tromøya



Industrikulturminne og badeplass, Lakshøl, Seljord



Badeplass i by, Gunnarsholmen i Kragerø



Planskisse byskule



Aktivitet kan knyttaast mot eksisterande landskapselement og nye terrenghformer

## | LEIK – AKTIVITET

Natursoner, kratt, skog og buskas må takast vare på som ramme om leikeområde. Opparbeidde leikeplassar er vel og bra, men kan i liten grad erstatte dei utfordringane og kvalitetane som ligg i leik i skog og mark. Byggjeleik, klatring, leik med vatn, leik i bakkar, leik i skog med

bålbrunning, orientering og tilgang til fine utsiktspunkt er bra for utvikling av motorikk, styrke, glede og retningssans.

Ungane er mykje av tida si i barnehage og skule. 100-meterskogen og skulegarden/barnehagen er derfor svært viktige

område for ungane. Desse områda nyttast også på fridtida og av ungar som bur i bustadområda omkring skulen. Variasjon i utforming, oppmuntring til leik og fysisk aktivitet, fleir bruk av installasjonar, gjer uteområda spennande og leiken kreativ.

Nærleikeplassen, nærfriluftsområdet og samanbindinga dit skal også tilpassast stadeigne kvalitetar og gje utfordringar gjennom heile året.



Byggjelek i skogen



Klatrestativ




Klatretre



Bekkelek



Akebakke i forma terrenget



Husker for store og små



Utsiktpunkt



Bålbrannning



Orientering i skogen



Vassrenner og steinskåler



Ballgjerde/-vegar kan betre innpassast i samspel med vegetasjon



Tilrettelagt leikeplass i ein park. Denne er bygd opp omkring eit eventyr



2300 born har vore med på å lage auga i denne Ibseninspirerte skulpturen, laga av Marit Benthe Norheim. Det gjev kunnskap, medvet og eigarskap til skulpturen. Ei sklie med spesialkomponert musikk går gjennom skulpturen



## SKULPTUR – UTSMYKKING

Skulpturar kan brukast for å synleggjera ein stad ved å skape kontrastar, skape rom, gje nye opplevigar og forståing av staden sine kvalitetar. Skulptur som element integrert som del av leikeområde eller sitte-plassar kan gje spennande tilleggsbruk av kunsten. Kunst kan også utførast som inte-

grert del av vegetasjons-, landskaps- eller terregnforming; såkalla landskapskunst.

Utsmykking kan markere plassar og formidle segner, hendingar eller kvalitetar knytt til staden som ein elles ikkje ville vera merksam på.



Skulptur på kai, Malmø



Sirkel i graset



«Austafor sol og vestafor måne», Seljord



Labyrint i fletta pilekratt



Grasamfi, København



«Amarillo ramp»




Utsmykking sjukehusparken,  
Sykehuset Telemark, Skien



Patmos, Akkerhaugen



Bølgen på elvefronten i Porsgrunn



Opplyst vassflate



Sterkenils-steinen, Seljord



Cowparade 2006 over juvet, Rjukan



Dans på rådhusplassen (PIT), Porsgrunn

Folkeliv på Dyrsku n, Seljord

## STEMNING – ATMOSFÆRE

For å skape gode opplevingar av rom og område, må ein prøve å finne fram til dei ulike områda si stemning. Ulike rom har ulike uttrykk og treng derfor ulik handlingsamning. Det kan ligge uventa potensiale i stadar ein i utgangspunktet meiner er negative eller uinteressante. Ved at ein

set dei inn i ein ny samanheng og gjev dei nytt innhald gjennom opplevingar som t.d. teateroppsetningar, konsertar, eller andre kunstuttrykk, kan dei fleste stader bli fulle av stemning. Ved å formidle informasjon om verksemd eller historie som ligg til grunn for korleis området står fram,

kan ein sjå ein plass utfrå andre verdiar enn vurdering av «stygt og fint». Ulik stemning – atmosfære – i ulike rom langs ei gate eller i ein by, gjev rom for variert oppleving, ulik kulturell, sosial eller fysisk aktivitet. Det er bra om ein i utforming og uttrykk greier

å formidle noko av staden sin identitet. Og ved festivalar og arrangement kan staden gjerast magisk og levande.....



Sirkus i Rådhusparken (PIT), Porsgrunn (Foto: Dag Jenssen)



Trerekke ved Hogga sluse, Telemarkskanalen



Identitetskapsande: Herøya og Grenland Friteater  
(Foto: Stefano Landzardo)



Fange soli, Rjukan (Illustrasjon: Martin Andersen)



Brynesteinbenk, Eidsborg



Båten kjem, Lunde sluse

## | TO PROSJEKT OM LIVET I LANDSKAPET OG STADIDENTITET

Kreativ by- og stadutvikling er nye omgrep og satsingsområde for utvikling av ein stad sine fortrinn, også når det gjeld rom og møteplassar i byen, staden og landskapet.

To prosjekt som er sett igang i Telemark er Sogelandet i øvre Telemark og Stedsans i

Grenland og Porsgrunn. Dette er spennande og nyskapande måtar å arbeide med landskap og byrom på. Her ligg fokus på å synleggjera rom og stadar i landskapet eller byen ved å iscenesetta og gje opplevingar knytt mot staden sin historie, sine spesielle kvalitetar eller potensiale som kan utviklast.

Dette gjev omgjevnadane våre meir innhald og gjer kan hende oss meir medvetne og stolte av stadane våre.

Bilda viser sogestadane:



Nymoen i Grunningsdalen (*frå segni om Guro Heddeli*)



Tusenårsstaden ved Seljord kyrkje  
(*Frå spelet om Olea Crøger og M.B. Landstad*)



Tunet på Su-Aarhus i kyrkjebygdi, Hjartdal  
(*Frå spelet om Bondeopprøret*. Foto: Dag Jenssen)

## SOGELANDET – ØVRE TELEMARK

[www.sogelandet.no](http://www.sogelandet.no)

Øvre Telemark er kjend for segnene som framleis lever på folkemunne. Gjennom Sogelandet er det eit ynskje å setja fokus på sogestadane og å gje opplevingar av segni og historien ute i landskapet der dei høyrer heime.

Der er bautaar og symbol i mange kommunar til minne om viktige personar eller hendingar. Ved å ta i bruk, leggje til rette og iscenesetje spelstader, kan gamle historiar formidlast og nye historiar skapast.



Bilda viser bruk av sentrale  
bakgårdsrom som areana for  
Porsgrunnsoperaen «Fævlane  
veit», fokus på å ta vare på  
store, viktige bytre, aktivise-  
ring og møblering av grønne  
rom og parkar

## STEDSANS – PORSGRUNN

[www.stedsans.no](http://www.stedsans.no)

«Et tverrkunstnerisk prosjekt for en by og dens befolkning». Byvandringar gjennom 3 år; 2005–2007. Eit samarbeidsprosjekt mellom Grenland Friteater og Porsgrunn kommune.

«På samme måte som et hus har rom med gulv, vegger og tak, har også en by mange rom. Fasader og trerekker danner vegger, gulvet skapes av plassens steindekke eller parkens grønne gress, himmelen hvelver seg over som tak, med eller uten stjerner eller med trekroner som løvtak.

Stedsans har som mål å skape liv i Porsgrunns byrom og å vise folk rom og steder i byen som de ikke har lagt merke til eller aldri tenkt over hvordan er.»

*Frå programteksten 2005*





TELEMARK  
FYLKESKOMMUNE  
[www.telemark-fk.no](http://www.telemark-fk.no)  
2006